



Takstingeniør Byggmester Jan Frode Larsen AS
PB 30 Nesttun
5852 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1220 - 18/7766

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
16.05.2018

Byggesak Gbnr 14/132 Soltveit - flytebrygge - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad av 03.05.2018.

Det ligg føre detaljplan/utbyggingsplan for område J godkjent av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk 19.02.02, sak 25/02.

Av saksutgreiinga går det fram at «På Fesøy er kvar hytte heilt avhengig av å ha ein sikker båt plass. I planen er dette ivareteke gjennom ei flytebrygge og eit kaianlegg.»

Ut i frå saksdokument og notat i arkivsaka legg planavdelinga til grunn at det er detaljplan datert 10.01.02 som er godkjent i sak 25/02. Planavdelinga kan ikkje finne at det seinare har vore godkjent revidert detaljplan for område J.



I samband med godkjenning av rammeløyve i 2009 har søker sendt inn ein detaljplan med revisjonsdato september 2007 som kommunen har lagt til grunn i sakshandsaminga. Planavdelinga har ikkje funnet ein godkjenning av en revidert detaljplan for område J frå september 2007 i sitt arkiv. Det kan såleis sjå ut som om rammeløyvet frå 2009 er basert på ei detaljplan som ikkje har vore handsama av kommunen. Tvert i mot ligg det føre eit avslag frå 20.08.02, sak 099/02 for eit tilsvarande framlegg.

I 2011 kom det revidert arealdel til kommuneplan med fastsett byggjegrænse mot sjø. Då tiltaket på land er utanfor denne grænse vil det også krevja dispensasjon frå kommuneplan sin arealdel.

Kommunen er innforstått og positiv til at det må vera tilrettelagt med båt plass til hyttefeltet, men då plassering strider med siste godkjente detaljplan, kommuneplan og reguleringsplan må det søkjast dispensasjon frå arealføremål i sjø, arealføremål på land og kommunalt fastsett byggjegrænse mot sjø (for landgang).

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkjast dispensasjon frå arealføremål i sjø, arealføremål på land og kommunalt fastsett byggjegrænse mot sjø (for landgang). Skjema som kan nyttast til dette er vedlagt.
2. Tiltaket må nabovarslast, skjema for nabovarsling kan hentast på <https://dibk.no/saksbehandling/byggsok/Byggesaksblanketter/>
3. Det er ikkje opplyst i søknadsskjema ytre rammer kva arealføremål tiltaket ligg innafor.
4. Tiltaket må målsetjast i kart og illustrerast meir detaljfullt angående utliggarar osv.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.06.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Ingeniør/byggesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Stian Marøy

ingeniør/byggesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon

Kopi til:

Egil Leganger

Eldshovden 2 B

5252

SØREIDGREND

Mottakarar:

Takstingeniør Byggmester Jan Frode
Larsen AS PB 30 Nesttun

5852

BERGEN